



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO  
NORDHAL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 3

2018

ÅRGANG 33

Bli med på  
osteselskap  
på *Nordfjord-hytta*  
**6.–7. oktober**



... og *smalahovehøg* på Pustut  
**20.–21. oktober**



FOTO: Det Norske Teatret ©

Gå og sjå *Torvald Maurstad* som  
den gamle Peer Gynt  
på Det Norske i haust  
(dag og dato i neste nr.)

Og så har me fått sett av Storsalen i Bygdelags-  
huset *laurdag 3. november...*

# *Leiaren* – ein haust med hytteturar og teaterbesøk

## **Gode medlemmar!**

Sommaren med alt godvêret, om enn i meste laget, tok til om lag då Ringen dansa 17. mai på institusjonar i Bærum. Dagen etter fylte Astrid Gjørven 80 år, og vi gratulerer!

To medlemmar gjekk bort no i vår, Axel Bugge og Kjell Myklebust. Det er minneord om Axel i denne avisa, og det kjem seinare eit om Kjell, som i si tid var aktiv i Sunnfjordlaget og bl.a. initiativtakar til Veterangruppa.

Dugnader er gjennomførde på hyttene, og på Nordfjordhytta har det vore rekelag, sjå melding i bladet.

På Pustut har dei vore frå Nittedal kommune og hatt branntilsyn. Til vår store lette fann dei pipe, peis og vedomn i

orden, og hadde elles lite å utsetje på hytta. Men dei vil ha ein stige på taket til bruk ved feiringa. Så Ringen, som tok til med øvingane sine alt 28. august, har sett *Feiar frå Vestlandet* på planen...

No i haust vert det teatertur for å sjå Peer Gynt med Toralv Maurstad i rolla som den eldre Peer.

Og tilskipingar på begge hyttene, med bl.a. smalahovegilde på Pustut. Sjå neste side. Vi planlegg også ei tilskiping i Nordahl Bruns gate, og har i den samanheng tinga Storsalen den første laurdagen i november.

Eg takkar for 2018 så langt og ønskjer folk velkomne til ein god haust i laget.

Helsing *Agnar Kvellestad*  
Leiar

## *Toralv Maurstad* som den gamle Peer Gynt

Det Norske Teatret set opp Peer Gynt i nynorsk språkdrakt i haust, med **Toralv Maurstad**, halvt nordfjording og no over 90, som Peer den eldre. Det vert spennande å sjå, og laget prøver få til ein lagstur på ei framsyning i haust. Meir om det i neste nummer av bladet.



FOTO: Det Norske Teatret ©

# Osteselskap på *Nordfjordhytta* 6.–7. oktober

**Vi inviterer til  
hyttehelg med  
god mat, drikke  
og prat.**

Ta med litt ost,  
kjeks, frukt og  
høveleg drikke  
til festmåltid ca.  
kl. 19 laurdags-  
kvelden.

Ta også med litt  
frukostmat til  
lang felles frukost  
søndag.



FOTO: Dagfinn Aa ©

*Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa*

Her er festfolket komne til kakebordet på oste-  
kvelden på Nordfjordhytta i fjer, mykje godt...

## Smalahovehelg på Pustut 20.–21.10.

**Det vert smalahovehelg 20.–21.  
oktober. Vi satsar på det tradisjonelle  
med smalahove, poteter og kålrabi.**

Maten vil vere ferdig til servering kring  
kl. 19.00, men kom gjerne tidlegare.

Hyttestyret står for innkjøp til smala-  
hovegildet. Dei som vil overnatte til  
søndag, tek med litt frukostmat.

Pris for sjølve smalahovegildet er ca.  
kr 200; kr 300 for dei som overnattar.  
Endeleg pris vert bestemt når vi ser kva  
innkjøpet kostar.

På grunn av innkjøp vil vi gjerne ha  
**påmelding seinast 13.10. til Agnar  
Hegrenes, tlf 924 96 438** (send gjerne  
SMS).

# Flott tur til Rørosleken i år også

Han Svein (Aasen) inviterte danseglade med på tur til Rørosleken første helga i mai i år også, 4.–6. mai. Hogne Tellnes køyerde bussen – og kjeringa, Bjørg og andre danna gruppa «Baksetelaget» og spela underveis.

Det var dans både fredags kvelden, dagdans laurdagen og sundagen og stor og god, klassisk leikfest laurdagskvelden, der dei fleste stilte i bunad og sylvspente sko.

Her er det pissepause ved storelgen i Stor-Elvdal, på veg nordover mot Røros. Hogne og Svein til høgre.



FOTO: Alf Reidar Dale ©



# ...og ringen dansa i Bærum 17. mai



ALLE FOTO: Tone Eid ©



Også i år dansa Sogn og Fjordane-ringen framsyning på fem institusjonar i Bærum på nasjonalldagen. Mange par var med og dansa med liv og lyst, leia av Dagfinn Aa og til spel frå Solvor Sundsbø. Over ser de dei fargerike dansarane i all sin stas. Til venstre dansar Dagfinn og Bjørg ein Vestlandsspringar.



Eit historisk biletet: Sogn og Fjordane-ringen dansa på Dønski 17. mai 1968, 50 år sidan. Eit par dansarar er med den dag i dag.

# Far vel til *Finn og Solveig* i Ringen



FOTO: Tone Eid ©

Under den svært trivelege vårvåslutninga i Sogn og Fjordaneringen 5. juni vart eit par som har vore trufaste i ringen og lagt ned ein STOR innsats for leikarringen vår, *Finn Stafnes og Solveig Næss*, gjort stas på. Dei flytte i sommar til Bodø og vert sjeldnare å sjå. Marit Haug Loen (t.v.) og Torgunn Kvamme heidra dei 'langtvekkfarande' på vegner av styret i Ringen.

## Rekeselskap på *Nordfjordhytta*

Fredag 8. juni – og til langt på natt den 9. – var det rekelag på Nordfjordhytta. Ti stykke var til stades og hadde det heise kjekt, både ved matbordet og kakebordet seinare på kveld. Astrid Gjørven og Anny Sollid i 'skuggen' t.v. på biletet.



FOTO: Alf-Reidar Dale ©

# Axel Bugge til minne

Axel forlot oss så altfor tidlig.  
Han ville ha fylt 75 år den 17.  
juni.

Jeg ble kjent med Axel på en søndagsdans for 16 år siden. Vi hadde mye felles, og jeg overtalte ham til å begynne i Sogn og Fjordaneringen. Axel var veldig glad i all dans. Han var ivrig og lærte fort. Fra før kunne han mye selskapsdans og var jo litt av en «Tango-mester».

Axel var også svært glad i litteratur. Vi hadde mange interessante samtaler både om de gamle klassikerne og nye forfattere.

Axel var veldig glad i skogen. Vi hadde fine turer både i Lillomarka fra Romsås og i Nordmarka fra Sognsvann. Ekstra glad var han i å bade i sitt kjære Steinbruvann.

Axel var en hjelpsom person. Han hadde en fetter som satt i rullestol. Jørgen fikk komme ut på tur – ut og spise middag på Aker Brygge – på ferie osv. Fordi Axel var med og hjalp ham. Det var det eneste som kunne holde Axel vekk en tirsdagskveld.

Axel var i mange år kassereren vår, pliktoppfyllende og ordentlig på alle måter. Tidlig i vår hadde han et lite slag som ødela en del av synet. Han tok det positivt, skaffet seg lydbøker og fortsatte som kasserer ved hjelp av en sterk lupe.



Axel på lagsrommet til laget og ringen, der han var ofte og la ned et stort, frivillig arbeid.

Først og fremst var Axel omsorgsfull. Jeg mistet sønnen min i januar, og Axel var en venn med stor V.

Axel døde brått 25. mai, etter en svømmetur i Steinbruvann, og ble bisatt i Grorud kirke 8. juni med over 20 av Ringens medlemmer til stede. Det kan nevnes at han også var aktivt med i Grorud kirke, der hans bestefar i sin tid hadde vært prest.

Vi i Sogn og Fjordaneringen minnes ham som utrolig snill, og vi savner ham dypt. Tankene går til barna hans – fem stykker – som han var så inderlig glad i.

På vegne av dansevenner i Ringen.  
**Berit Vivian Aamodt**

## Adressering

A

---

---

---

### STYRET

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96  
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

**Kasserar:** Hilmar Nummedal 92 06 72 63  
hilmannum krøllalfa outlook.com

### PRESSE & PR

**Leiar:** Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)  
a.r.e.dale krøllalfa uniforum.uio.no

### HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 92 49 64 38  
agnar.hegrenes krøllalfa nibio.no

**Kontakt Sunnfjordhytta:** 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)  
Andor Gjelsvik  
andorgj krøllalfa frisurf.no

**Kontakt Nordfjordhytta:** 45 00 49 33  
Dagfinn Aa  
aa12 krøllalfa online.no

### SOGN OG FJORDANDERINGEN

**Nestleiar:** Finn Stafsnes 90 82 12 27  
Fi-stafs krøllalfa online.no

---

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---